



Berit Harriet, den truleg største geitentusiasten i Uskedalen, står her med eit nyfødt kje. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje så mange som driv med geit i Hordaland lenger. Statistikken for 2006 fortel at medan det vart sleppt 127.986 sauer og lam i fjor, var talet på sleppte geiter 732.

- Det er forståeleg, for det er ikkje noko å tene på geit. Men eg likar geita, ho er det kjekkaste dyret, se berre på spretten, seier Berit Harriet Valle Døssland. Ho tek opp til seg eit nyfødt kje som hoppar vårirt rundt på det allereie grønne jordet.

Berit Harriet er ein av to i Uskedalen som driv med geit. Ho satsar på ammegeit medan Tor Jarle Døssland alar opp bukkar for sal.

Hittil denne våren har 12 geiter hos Berit Harriet fått 20 kje medan tre enno ikkje har født. Som regel får geita to avkom om gongen, ho får sjeldnare tre enn sau.

Det er også fire bukkar på "geitegarden" Døssland nedre, men to av dei er kastrerte.

Og apropos bukkar: Til ivinter hadde dei ein riktig kjendisbukk der, det var Baldus som mellom anna var med sonen Martin på dyredag på Malmanger skule.

Geita har ikkje noko lang historie på garden, ho kom dit for ti år sidan. Dei tre geitene og bukken som dei då fekk kom frå Åkra.

Men sist vinter, under storstormen, heldt geitehaldet på å enda med katastrofe. Vindkasta øydela geitehuset og dei måtte ut å berga det som bergast kunne midt på natta. Heldigvis måtte berre ei geit bøta med livet og sidan har geitene vore i floren.

- Korleis går det med pølseproduksjonen?

- Det er rett at lagar pølser med ei blanding av geit, sau og spekk, men den produksjonen har eit svært begrensa omfang og vi brukar dei gamle geitene i pølsene.

Vi slaktar dei fleste kjea, men setter på dei som er gode.

Kjekjøtet er noko av det sunnaste ein kan eta og er til dømes anbefalt for hjartepasientar, seier geitentusiasten på Døssland.

Av Ola Matti Mathisen